



MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtedato: 02.11.2009
Møtetid: 15:00 - 17.30
Møtestad: Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Marion Langhelle Pedersen	Gunnar Bruvik

Andre som var til stades på møtet:
Rådmann og pedagogisk konsulent

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	Vegtilkomst over kommunal veg til privat bustadtomt på Gjerde. Kommunale avgifter – festeavgift og elevbetaling i kulturskulen
---------------------------------	---

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 10.11.2009

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
060/09	09/600	Faste saker	
061/09	09/33	Skulebruksplan for Samnanger 2009 - 2020	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Godkjenning av protokoll frå førre møte• Delegerte vedtak/referatsaker• Utvalet sitt kvarter

Saknr. 060/09
FASTE SAKER

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

02.11.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet sitt kvarter:

Brigt Olav Gåsdal er medlem av byggjekomiteèn for prestebustaden. Han har fått informasjon om at det har vore interne møte mellom administrasjonen og Vestlandshus knytt til endringar m.m. i høve til planteikningane. Han meiner at fullmakt er gitt til komiteèn og at ein ikkje kan gå bort frå det.

Ordførar og rådmann orienterte kort om det som vart gjort så langt og kvifor.

Det vart konkludert med at byggjekomiteèn vert kalla inn til møte. Dei ser på kva fullmakter dei er tildelt og om dei har høve til å trekkje inn andre og evt. om dei ønskjer det.

Skriv og meldingar til drøfting:

- PØ har i førre møte gitt tilråding i sak om kommunale avgifter og gebyr. Kyrkjestyret har i ettertid gitt tilråding om **festeavgifta**. Den er utsendt til kommunestyret. PØ tilrår desse satsane. Kulturen har kome med framlegg om endring i måten elevpengane i kulturskulen vert fastsett. Det vert no foreslått 3 grupper mot 4 i år, det vil m.a. seia at alle som får instrumentopplæring betalar same satsen, og at opplæring i "store grupper" i andre kunstuttrykk vert ei eiga gruppe. Totalinntektene til kommunen vil ikkje verta påverka. PØ tilrår dette framlegget.
- Eit yngre par som i dag er busett i Bergen har teke kontakt med kommunen fordi dei ynskjer å flytta attende til kommunen. Dei har sett seg ut ei privat bustadtomt på Gjerde som grenser til kommunalt bustadområde. Forbi denne tomte er det på kartet teikna inn ein veg som i si tid var tenkt brukt som tilkomstveg m.a. til idrettsanlegget i Hagabotn. Det er pr. d.d. ikkje teke stilling til om denne vegen skal byggjast. Førespurnaden går på om kommunen tillet bruk av vegen igjennom Lønnebakksfeltet som tilkomst til denne tomte og om kommunen vil vera imot bygging av veg fram til tomte som er lagt i delar av innteikna trasè evt. kva krav kommunen vil stilla evt. om kommunen vil medfinansiera ei evt. bygging. Utvalet meiner at kommunen må sikra seg at det i framtida vert mogleg å koma fram med veg tilnærma slik han er innteikna. Kommunen vil kunne gje løyve til bruk av kommunal veg i bustadfeltet som tilkomstveg for denne tomte mot at det vert inngått avtale med grunneigar/oppsitjar om framtidig offentleg veg mellom feltet og Bøenvegen.

PØ-060/09 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

Dokument som ikkje er vedlagt: Framlegg til skulebruksplan

Kva saka gjeld:

Kommunestyret vedtok i møte 1.10.2009 sak 41/09 fylgjande:

1. Ved val av kortsiktige løysingar 2010-2014.

Frå hausten 2010 vert alternativ 0.2, som inneber å samle trinna på dagens skular tilpassa kapasiteten på skulane tilrådd.

Dette inneber at:

- Nordbygda skule vert småskule for 1-3 trinn (S03)*
- Gjerde skule vert barneskule for 4-7 trinn (B04)*
- Ungdomsskulen vert rein ungdomsskule for 8-10 trinn (U03)*

Stipulerte kostnader vert vurderte i budsjett- og økonomiplanarbeidet seinare i haust. Det kortsiktige perspektivet må haldast saman med behov for investeringar på lengre sikt etter kvart som desse vert konkretiserte/prioriterte.

2. Val av langsiktige løysingar 2014-2020.

Her må dei ulike løysingane slik dei ligg i tabell 5.2 s. 72 i framlegg til skulebruksplan utgreiast vidare fram mot budsjettmøtet i desember 09. "Hallprosjektet" sine framlegg inkl. kommunehusfunksjonane og lokalisering av desse vert å vurdere parallelt, og ein er open for andre alternativ og moglegheiter i høyringa.

Skulebruksplan for Samnanger kommune 2009-2020 vert lagt ut på høyring. Det er ønskjeleg med ei brei høyring utover dei formelle høyringsorgana. Kommunen vil satsa på aktiv deltaking og medverknad (jfr. kommuneplanen).

Planen er lagt ut til høyring med høyringsfrist 29.10.2009 kl 12.00.

I skrivande stund er det kome inn merknader frå to organ.

Administrasjonsutvalet i kommunen har gitt slik høyringsuttale sak 8/09:

Adm.utvalet vil peika på at det er viktig å ta omsyn til alle tilsette i skulane sine rettar og behov i prosessen fram mot evt. omstillingar. Dette kan mellom anna gjerast ved å trekkja dei tilsette og deira organisasjonar – Utdanningsforbundet og Fagforbundet – med i arbeidsgrupper, og gjennomføra drøftingar/informasjon i samband med bemanninga i ein ny skulestruktur.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har gitt slik uttale sak 9/09:

Med heimel i Arbeidsmiljølova § 7-2 vil AMU peika på at det er viktig å ta omsyn til alle tilsette i skulane sine rettar og behov i prosessen fram mot evt. omstillingar. Dette kan mellom anna gjevast ved å trekkja dei tilsette ved verneomboda og dei tilsette sine organisasjonar: Utdanningsforbundet og Fagforbundet med i arbeidsgrupper, og gjennomføra drøftingar/informasjon i samband med bemanninga i ein evt. ny skulestruktur

Administrasjonen har samla alle høyringsuttaler i ein tabell og gitt ein del kommentarar. Dette materialet er sendt ut som vedlegg til saka.

02.11.2009 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Ordførar Marit A Aase sette fram slikt framlegg til vedtak:

Føringane i framlegg til skulebruksplan for Samnanger kommune 2009 – 2020 kva gjeld kvalitet og arealnormer vert gjeldande for Samnanger kommune.

Det skal arbeidast vidare for ei endring i skulestrukturen i kommunen som føreset å samla elevane på kvart årssteg.

Desse alternativa for **langsiktig løysing** skal utgreiast vidare:

- 1. – 10. trinn i ny skule i kombinasjon med hall i området Haukaneset.
- 1. – 4. trinn på Gjerde skule og 5. – 10. trinn i ny skule på strekningen Haukaneset – Reistad i kombinasjon med hall.
- 1. – 4. trinn på Gjerde skule og 5. – 10. trinn på Nordbygda skule i kombinasjon med hall ved Nordbygda grendahus.
- 1. – 4. trinn på Gjerde skule og 5. – 10. trinn på Nordbygda skule.

Det inneber at spørsmålet om plassering av symjebasseng må vurderast.

Med bakgrunn i sentrale vedtak om nytt tilbod om 8 t leksehjelp pr. veke til elevane i 1. – 4. trinn (oktober 2009) må ei evt. deling av barnetrinnet skje mellom 4. og 5. trinnet.

Ut frå innspel i høyringsrunden om å samla 1.-7. trinn på Gjerde vert det først teke stilling til val av kortsiktig løysing når investeringskostnadane med dette alternativet er kostnadsrekna. Fylgjande alternativ er aktuelle som kortsiktig løysing:

- Elevane i 1. – 4. trinn samla på Gjerde, 5. – 7. trinn på Nordbygda og 8.- 10. trinn på ungdomsskulen.
- Elevane i 1. – 7. trinn på Gjerde og ungdomssteget på Tysse.

Som del av det vidare arbeidet for å få kostnadrekna nybygg/tilbygg, må det takast takst på dei tre skulane.

Representantar for dei tilsette ved verneombod og tillitsvalde skal vera aktiv med i arbeidet med å legge til rette for den kortsiktige løysinga når kommunestyret har fatta vedtak om dette. Jmf. vedtak i administrasjonsutvalet sak 08/09 og arbeidsmiljøutvalet sak 09/09.

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak

PØ-061/09 Vedtak:

Føringane i framlegg til skulebruksplan for Samnanger kommune 2009 – 2020 kva gjeld kvalitet og arealnormer vert gjeldande for Samnanger kommune.

Det skal arbeidast vidare for ei endring i skulestrukturen i kommunen som føreset å samla elevane på kvart årssteg.

Desse alternativa for **langsiktig løysing** skal utgreiast vidare:

- 1. – 10. trinn i ny skule i kombinasjon med hall i området Haukaneset.
- 1. – 4. trinn på Gjerde skule og 5. – 10. trinn i ny skule på strekningen Haukaneset – Reistad i kombinasjon med hall.
- 1. – 4. trinn på Gjerde skule og 5. – 10. trinn på Nordbygda skule i kombinasjon med hall ved Nordbygda grendahus.

- 1. – 4. trinn på Gjerde skule og 5. – 10. trinn på Nordbygda skule.

Det inneber at spørsmålet om plassering av symjebasseng må vurderast.

Med bakgrunn i sentrale vedtak om nytt tilbod om 8 t leksehjelp pr. veke til elevane i 1. – 4. trinn (oktober 2009) må ei evt. deling av barnetrinnet skje mellom 4. og 5. trinnet.

Ut frå innspel i høyringsrunden om å samla 1.-7. trinn på Gjerde vert det først teke stilling til val av kortsiktig løysing når investeringskostnadane med dette alternativet er kostnadsrekna.

Følgjande alternativ er aktuelle som kortsiktig løysing:

- Elevane i 1. – 4. trinn samla på Gjerde, 5. – 7. trinn på Nordbygda og 8.- 10. trinn på ungdomsskulen.
- Elevane i 1. – 7. trinn på Gjerde og ungdomssteget på Tysse.

Som del av det vidare arbeidet for å få kostnadrekna nybygg/tilbygg, må det takast takst på dei tre skulane.

Representantar for dei tilsette ved verneombod og tillitsvalde skal vera aktiv med i arbeidet med å legge til rette for den kortsiktige løysinga når kommunestyret har fatta vedtak om dette. Jmf. vedtak i administrasjonsutvalet sak 08/09 og arbeidsmiljøutvalet sak 09/09.

